

PROTOKOLL INSTITUTTRÅDSMØTE 10.11.2010

Møtestad: Møterom 342, Christiesgt. 13
Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

Tilstades: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Øystein Steine Larsen, Ingvild Haugen, Marit
Ulvik, Astrid Tolo, Magnhild Thomassen
Forfall: Rune Herheim

I

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Innkalling og sakliste vart godkjent.

II

Protokoll frå instituttrådsmøte 06.10.2010
Protokollen vart godkjent.

III

Fullmaktsaker
Ingen fullmaktssaker.

IV

Orienteringssaker.
Instituttleiar Rune Krumsvik orienterte om følgjande saker:

- Høyringsinnspel frå IPED: Fornyng av universitets strategi 2011-2015 (svarfrist 8. nov).
- Høyringsinnspel frå IPED: Heilskapleg rekrutteringsstrategi (svarfrist 18. okt).
- Høyringsinnspel frå IPED: Håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater (svarfrist 4. nov).
- Strategiplan for Det psykologiske fakultet 2011-2015: Fakultetet sin nedsatte strategikomite hadde frist til 15. november til å lage utkast.
- Komiteoppnemning professorat, SUV
- Komiteoppnemning, Såkornmidlar
- Medarbeidarsamtale – status
- Professor Emerita – Olga Dysthe
- Midtvegsevaluering av stipendiatar – status
- Funksjonsbeskrivelsar for programstyrarar, programansvarlege, emneansvarlege
- Instituttleiarressurs – status
- Seniorpolitikk ved instituttet: *Merknad: Professor Arild Raaheim sa seg under møtet villig til å sitje i fakultets utreiingskomite på vegne av instituttet.*
- Stipendiatar og nærver – status
- Val av ny dekan/dekanat - status
- Status tilsettingssaker
- Status planlegging arealbruk Vektergården og konsekvensar for IPED.
- Komite Solstrandkonferanse 15.-16. des: *Merknad: Etter diskusjon i instituttrådet vart ein samde om følgjande samansetting for å ta omsyn til at alle miljø ved instituttet skulle vere best mogleg representert i førebuingane: 2 frå instituttleiinga, 2 leiarar frå forskingsgruppene, 1 frå kvart av dei tre hovudmiljøa lærarutdanning,*

universitetspedagogikk og utdanningsvitenskap og ein stipendiat. Følgjande personar blei difor foreslått å sitje i komiteen: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Arild Raaheim, Gunn Søreide, Kari Smith/Herner Sæverot, Astrid Tolo.

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

18/2010 Revidering av praksisreglement i lærerutdanningen

Institutt for pedagogikk fekk oversendt framlegg til revidert praksisreglement i lærerutdanninga frå Studieseksjonen ved Det psykologiske fakultet. Det vart vist til vedtak i programstyret for adjunkt- og lektorutdanning vedrørende framlegg til revidert praksisreglement. På bakgrunn av vedtak på møte den 26.10.10 blei det bedt om at forslag til revidert praksisreglement vart behandla i instituttrådet ved IPED før reglementet kunne bli endelig vedtatt i KUE. Praksisreglementet er tenkt å i tre kraft frå og med våren 2011.

Vedtak:

Institutt for pedagogikk slutter seg til framlegget til revidert praksisreglement.

19/2010 Eventuelt

Ingen saker

Referent: Øystein Steine Larsen